



ÅRSMELDING 2024/2025

Vikøy Bygdekvinnelag

Året oppsummert

I året som har gått har bygdekvinnelaget hatt opne, lågterskelarrangement i Vikøy – med kyrkjekaffi, Tur der me bur og jonsokfeiring. I tillegg har dette året vore meir prega av prosjektarbeid.

Me har hatt 10 opne arrangement, med 373 deltakarar. I tillegg har me sundagsbad som eit fast treff gjennom heile året.


Styret har vore på inspirasjonstur til Laugarstova i Ulvik, der dei har laga badstove i eit verna, gamalt naust, og til Aarvik gard – eit handverksbakeri i Baldersheim.

Prosjektmidlar

I vår fekk laget innvilga søknad om forprosjekt under støtteordninga «Nytt liv i naust og sjøhus». Ordninga er Forbundet Kysten sitt breiddeprosjekt finansiert av Sparebankstiftelsen DNB. Me søkte om støtte til tilstandsvurdering og kostnadsoverslag for restaurering, og til utvikling av eit større hovudprosjekt. Resultatet av forprosjektet var ei tilstandsvurdering utført av Hardingtakst AS av eit naust i naustrekka i Vikøy, samt konsept og pristilbod frå Lokalkontoret AS på restaurering av naustet og innbygging av badstove. Me fekk ikkje innvilga hovudprosjektet, men vart oppmoda om å sende inn ny søknad ved seinare utlysing.

Også dei faste arrangementa våre har fått prosjektmidlar. 2025 er Friluftslivets år, og gjennom bygdekvinnelaget si støtteordning «Friluftsglede og inkludering» fekk me støtte til arrangementa våre i Tur der me bur. Midlane gjekk til enkel turmat som ein del av arrangementet.

I tillegg fekk me støtte frå bygdekvinnelaget sitt prosjekt «Nøysom» til innkjøp av ismaskin, som skal vere ein del av ei delingsordning i laget. Samla med inntektene frå kafésalet har dette gitt oss ein meir robust økonomi.



Naustet fremst treng vøling, og bygdekvinnelaget har laga ei prosjektskisse for istandsetjing og ny bruk av naustet, etter innvilga forprosjekt i 2025.

Høgdepunkt



Jul i Borgstova.

Snøen kom og laga ei stemningsfull ramme for førjulsarrangementet vårt i prestegardstunet. Det var juletrengang i tunet, juleverkstad i storstova og kafé i Selmerhuset.

23. november 2024. Deltakarar: ca. 60.

Høgdepunkt



Jul i Borgstova.

Høgdepunkt



Tur der me bur

Vekevis lågterskel kveldsmatturar til ulike stader i Vikøy. Dette året har vi fått støtte gjennom *Friluftsglede og inkludering*, og laga enkel mat som ein del av arrangementet.

Vår og haust 2025. Deltakarar: 123.

Høgdepunkt



Kyrjekaffi i prestegardstunet. Under Trebåt- og handverksfestivalhelga vart det arrangert roing til gudsteneste i Vikøy kyrkje. Roinga var òg ein del av ro-arrangementet *Den store roen*. Etter folkemusikk-gudstenesta kom kyrkjelyden opp i prestgardstunet, og Borgstova, Selmerhuset og storstova i prestebustaden vart gjorde om til kafé. Arrangementet er eit samarbeid mellom Kyrkja, Hardanger fartøyvernsenter og Vikøy bygdekvinne lag.

15. juni 2025. Deltakarar: ca. 90.

Høgdepunkt



Tradisjonell kyrkjeferd frå Norheimsund til Vikøy, som ein del av Den store roen.



Jonsokfeiring i Vikøy.

Tradisjonell jonsokfeiring med brudepar og brudedefølge. Ingrid S. Sørheim spela, og vi hadde laga ein liten kafé med kaffi og heimelaga kaker for sal. Arrangementet vart laga til i samarbeid med *Vikøy/Aksnes grendeutval*, som stod for jonsokbål og grilling.

23. juni 2025. Deltakarar: ca. 100.

Høgdepunkt



Jonsokfeiring i Vikøy.

Rekneskap Vikøy bygdekvinnelag 2025

1.november 2024 - 1. november 2025

Inntekter					
Dato	Forklaring		Inntekt	Bilag nummer	Kommentar
26.11.2025	Jul i Borgstova		kr 2 480,74		Via vipps*
18.12.2025	Driftsmidler Kvam Herad 2024		kr 6 000,00		
12.03.2025	"Friluftsglede og inkludering"		kr 20 000,00	Bilag05-25	Tilskot frå NBK til Tur der me bur
28.03.2025	Forprosjekt Kysten "Nytt liv i gamle naust"		kr 27 000,00	Bilag06-25	Tilskot frå Forbundet KYSTEN
15.06.2025	Kakesal kyrkjekaffi Hardingtonar		kr 3 487,79		Via vipps*
23.06.2025	Kakesal Jonsok		kr 3 389,50		Via vipps*
25.06.2025	Driftstilskot Kvam Herad		kr 4 000,00		
26.09.2025	"Nøysom"		kr 7 000,00	Bilag07-25	Tilskot frå NBK til Lånesirkelen
Sum inntekter			kr 73 358,03		

* Vipps tar gebyr på 1,75% av brutto salg.

Utgifter					
Dato	Forklaring	Utgift	Bilag nummer	Kommentar	
29.11.2025	Juleavslutning styre - badstu	kr 300,00	Bilag 04-24		
29.11.2025	Juleavslutning styre - Aarvik gard	kr 1 425,00	Bilag 05-24		
31.01.2025	Styremøte Kan-skje kafé	kr 495,00	Bilag 01-25		
07.02.2025	Avgift deltaking HBKL distriktsårsmøte	kr 5 200,00	Bilag 02-25		
21.02.2025	Laugarstova i Ulvik, medlemstur	kr 1 200,00	Bilag 03-25		
05.05.2025	Takst på naust, Hardingtakst	kr 19 320,00	Bilag 04-25	Forprosjekt, tilskot frå forbundet KYSTEN	
23.06.2025	Innkjøp kaffi til Jonsok	kr 644,75			
24.06.2025	Uttak honorar til spelemann	kr 1 020,00			
11.09.2025	Innkjøp julegatebelysning	kr 1 150,00	Bilag09-25	Kjøpt på finn.	
02.10.2025	Iskrem-maskin	kr 3 990,00	Bilag 08-25	Innkjøp til Nøysom-prosjekt	
	Sum gebyr bank	kr 48,00			
	Årsgebyr bankkort	kr 300,00			
	Utgifter tur der me bur	kr 1 376,54		Egen oversikt, se under	
Sum utgifter		kr 36 469,29			
Resultat 2025		kr 36 888,74			

Tur der me bur utgifter 2025				
Dato		Utgift	Bilag nummer	
	29.04.2025	kr	131,30	Bilag01-tdmb25
	07.05.2025	kr	191,23	Bilag02-tdmb25
	14.05.2025	kr	231,27	Bilag03-tdmb25
	23.09.2025	kr	232,73	Bilag04-tdmb25
	01.10.2025	kr	178,68	Bilag05-tdmb25
	15.10.2025		411,33	Bilag01-26
Sum		kr	1 376,54	

Balanse					
Eiendeler			Gjeld og egenkapital		
Kasse		0	Egenkapital	kr	56 889,25
Bank	kr	56 889,25			
SUM	kr	56 889,25		kr	56 889,25
Inngående Saldo	kr	20 000,51			
Utgående saldo	kr	56 889,25			
Resultat	kr	36 888,74			
Utgående saldo	kr	56 889,25			

Fordeling av inntjening			
Total inntjening arrangement		kr	9 358,03
Totalt prosjektmidler/driftsmidler		kr	64 000,00

Styrearbeid



Årsmøtet 2024 var 21. oktober i Selmerhuset, Vikøy prestegård. Siv Helle Prestegard frå distriktstyret kom og fortalte om bygdekvinnelaget og deltok på årsmøtet.

Styret i perioden, valt på årsmøtet:

Silje Ensby - leiar (på val neste år)
Laila Fosso - nestleiar (på val neste år)
Tone G. Solvang - kasserar (på val neste år)
Marion Bakke-Byrkjeland (valt for 2 år)
Lene Storstad (valt for 2 år)
Ida Lovise Skylstad - vara

Helene Fosso - valnemd

Styremøter:

29.11.2024 (juleavslutning)
31.01.2025
21.02.2025 (tur til Ulvik)
25.03.2025
16.10.2025
16.11.2025



Lene Storstad, med dottera Othelie på armen, meiner at snøen kom som bestilt for å koma i julestemning.

Foto: Charlotte Svendsen



Uventa vinterleg ramme

Ramma kunne knapt ha vore betre då Vikøy Bygdekvinnelag inviterte til «jul i Borgstova» laurdag.

s. 13

Tidleg smak av jul

Små og store kom i julestemning då Vikøy Bygdekvinnelag samla sambygdingar til juleverkstad og juletrengang ved Borgstova i Vikøy.



I kafeen var utvalet variert.

Foto: Charlotte Svendsen

Charlotte Svendsen
svendsen@hlf.no

– Eg ser føre meg at dette kan verta ein ny juletradisjon, seier Tone Solvang.

Ho er styremedlem i Vikøy Bygdekvinnelag, som var arrangør. Det vart ikkje noko av arrangementet i fjor, men for to år sidan vart «jul i Borgstova» arrangert for fyrste gong. Solvang fortel at tanken er å skapa ein møteplass for dei som bur i Vikøy.

– Me har ingen butikk eller andre naturlege møteplassar, så me prøver å laga til noko slik at me som bur i bygda, kan treffa kvarandre, seier Solvang.

– Skal henga på juletreet

Inne i prestegarden var det skipa til juleverkstad. Her var det små stoffharte, perler, glansbilete og

papir, slik at borna kunne laga eigen julepynt. Det var mogleg å laga ei lykt til telys ved å smørja eit glas med egg innvendig og strø på sukker.

Anne Neteland sat ved enden av langbordet, og hadde funne seg to små filthjarte.

– Når eg har sydd dei saman, skal eg ta det med meg heim og hengja det på juletreet, seier sjuåringen.

Ho bur ikkje i Vikøy, men tok turen saman med mamma Kari Tveitarås og den tre år gamle steveslesystera Johanna Haugslund Hamre.

– Det er eit koseleg arrangement og veldig kjekt å vera her, seier Tveitarås.

– Kom som bestilt

Bygdekvinnelaget har skipa til andre sosiale tilstellingar før, mellom anna jonsokfeiring, by-

tedag og kyrkjekaffi. I tillegg har laget hatt lågterskeltilbodet «tur der me bur», der dei lokale trefest, går ein tur og et kveldsmat.

Lene Storstad gjekk rundt juletreet saman med dottera Othelie Storstad Rubin.

– Det er veldig hyggjeleg å vera her. Snøen kom som bestilt, så no kom eg i julestemning, seier Storstad.

Storstad er også med i bygdekvinnelaget, og synest at arrangementet er akkurat passe nedpå.

– Me som arrangerer, er travle med små born, så det er godt med eit arrangement som ikkje krev så mykje. Det er ikkje for mykje opplegg og stress, seier ho.



Anne Neteland (t.v.) får hjelp av mamma Kari Tveitarås til å laga eit filthjarte. Steveslesystera Johanna Haugslund Hamre var og med på juleverkstaden.

Foto: Charlotte Svendsen



Akebrettparkeringa tilsa at fleire hadde valt akebrett i staden for bil for å koma seg til prestegarden.

Foto: Charlotte Svendsen



Bålpanna og juletrelysa var tente.

Foto: Charlotte Svendsen

Jonsok-feiring



Vikøy hadde tre brurepar. Fv. Musikant Ingrid Sørheim, Levi Korshavn Vikesdal, Brita Marie Bakke-Byrkjeland, Jon Aarekol Borge, Silja Tyssebotn, Solveig Solvang Myhr og Leon Lyshaugen. Foto: Silje Ensby

JONSOIK

TEKST

Solveig Skaar Ljones og Charlotte Svendsen

Måndag møttest jondølingane ved Lasselunden, ved Spar på kaien, for den årlege sankthansfeiringa. Jondal Ungdomslag og Viketunet Aktivitetslag stod bak arrangementet. Jonsoktoget gjekk fyrst innom Vikevollen sjukeheim og så vidare til Viketunet for kaffi og kaker.

Anna Kvåle Brattabø var jonsokbrur, men ho syntest ikkje det var noko særleg stas.

– Kruna er tung og bunaden klør, sa ho.

Anna likte å vitja sjukeheimen. Der dansa borna, med litt hjelp frå nokre vaksne, ringdans for dei eldre. Ringdansen kunne ho frå før, for den hadde ho lært i koret. Vegard Brattabø syntest det var passeleg kjekt å vera brudgom for dagen.

På Mundheim vart jonsokfeiringa framskunda til laurdag og gjekk føre seg i strålende sommarvær. Tørvikbygd Kvinne og Familielag stod for jonsokfeiringa i Ståvika. Tiril Brekke og Fredrik Nernes Steine var årets brurepar. Leikar og sal av kaffi og kaker stod på programmet.

Den tradisjonelle feiringa i Vikøy vart arrangert av Vikøy Bygdekvinnelag og Vikøy/Aksnes Grendautval måndag. Ingrid Sørheim spela for brurefylgjet. Arrangørane meldte at om lag 100 personar møtte opp til grilling, bryllaup, bål og dros.

Ålvikarane feira sankthans sundag. Brureparet Tiril Kvamsøy Tyssebotn og Noah Vines fekk sitja i skuffa på traktoren til Karl Steinar Haaheim. Prosesjonen gjekk frå Storhaug til Havnaneset, der det venta grilling og leikar.

Jonsokbrureparet Vegard Brattabø og Anna Kvåle Brattabø fekk saft, kaker og gaver etter jonsoktoget i Jondal. Foto: Solveig Skaar Ljones



Om lag 100 møtte opp til grilling, bryllaup, jonsokbål og dros i Vikøy. Foto: Silje Ensby



Jonsokbål i Vikøy. Foto: Silje Ensby



Fremst i jonsoktoget i Vikøy gjekk Ingrid Sørheim med trekkspel, etterfylgt av tre brurepar. Foto: Silje Ensby



Sankthansfeiring
Birkenes Eide, B

Mundheim feira



Tiril Brekke og
brurepar i Tørv

Tur der me bur



Julia og Nils Storti klatrar i den store eika i Vikøy. Det er ein av favorittplassane for borna som går «tur der eg bur».



FOTO: PRIVAT

Tilbod med låg terskel

Jens Ivar Melås og dottera Emma var mellom dei som gjekk «tur der me bur» i Vikøy. Bygdekvinneleien som står bak, vil få folk ut saman.

s. 16

FOTO: VIKØY BYGDEKVINNELAG

Skapar enkelt liv i bygda

Nyhende

For andre året på rad har Vikøy Bygdekvinnelag invitert sambygdingar med på tur i nærområdet. Fleire arrangement er under planlegging.

Charlotte Svendsen
svendsen@hf.no

I fjor vår arrangerte laget sin fyrste «tur der me bur». Styremedlem Tone Geirsdatter Solvang seier at ideen er såre enkel:

– Bli med på tur og et kveldsmat ute. Det er ekstremt lokalt og lista er så låg som mogleg, seier ho.

I år har laget fått pengar av Norges Bygdekvinnelag sitt prosjekt «Friluftsglede og inkludering» i samband med friluftslivets år. Difor har laget hatt med felles mat til årets turar. Solvang seier at det er godt å vera saman med andre, og turane er opne for

alle som ynskjer å vera med.

– Å byggja lokale fellesskap skjer i små drypp i det daglege. Når me treffest på denne måten, legg me til rette for det. Me byggjer nettverk og gode psykososiale miljø, seier Solvang.

– Overraskande mange fedrar

Turane har hatt 123 deltakarar. Nokre personar har vore med på fleire turar, og er talde fleire gongar i totalen. Rundt 20 personar planar vera med på kvar tur. Dei fleste er småbarnsfamiliar, men tilbodet passar like godt for gamle som for unge, ifylgje Solvang.

– Ein tenkjer gjerne at det er typisk at det er mødrer som finn på ting med borna sine. Eg er overraska over kor mange fedrar som er med, seier Solvang.

Ho fortel at heile familiar gjerne kjem saman, men at både mødrer og fedrar kjem aleine med borna.

Laget arrangerte fire turar i vår og tre turar i haust.

I starten la laget opp til at det skulle vera meir å organisera.

Den fyrste ideen var å finna litt historie om dei lokale stadene turane gjekk til, men på grunn av tidsklemma vart ideen forenkla.

– Me gjekk på tur i staden. Det var nok for folk. Me fann ut at det ikkje treng skje så mykje, for folk er glade berre for å vera i lag, seier Solvang.

Skal kjøpa ismaskin

Turane er korte og lokale. Mellom anna har laget fleire gongar vore i fjøra ved nausttrekkja eller klatra i den store eika.

– Mange av oss som arrangerer dette, er tilflyttarar. Me kunne sikkert vore meir eventyrlyste og utfordra oss sjølve med ukjende plassar. Me har som mål at det skal vera mogleg å gå turane med barnevogn, seier Solvang.

Bygdekvinneleien har planar om fleire arrangement. Laget har fått pengar frå prosjektet «Nøysom» av det nasjonale laget. Prosjektet handlar om kvardagsleg berekraft. Solvang fortel at laget skal kjøpa inn ei

ismaskin som medlemene kan låna. Sidan prosjektet støttar aktivitet, men ikkje innkjøp, skal laget ha ei samling der medlemene kan læra å laga heimelaga is.

– Det skal vera lett å gjennomføra. Me må kjøpa ingrediensar og invitera folk. Eg ser føre meg at det er mange som vil eta is, seier Solvang.

– Likar å arrangera

Enkel gjennomføring er nøkkelen for det aktive laget i Vikøy. Ho seier at kvinnene lagar til arrangementa fordi dei synest det er kjekt å halda på med.

– Me likar å stella i stand for andre. Det kjennest ikkje som stress eller ein stor jobb for oss. Me gjer berre det me har overskot til, og i sum vert det mykje. Ein treng ikkje slita seg ut for at det skal skje bra ting, seier ho.

Andre medlemmer i laget bidreg til dømes med å laga kake til arrangement. Då er det berre å setja fram maten, og så er det klart til at folk kan koma, fortel ho.

Planlegg julegateopning

I år skal laget arrangera julegateopning i Vikøy. Solvang har tråla nettstaden finn.no og funne lyslenkje som toler vèret.

Kvar opninga skal vera, er ikkje avklart, men bygdekvinneleien har vurdert å hengja lysa på nausta i fjøra og laga ei «julefjøreopning».

Solvang har late seg inspirera av bestemora som dreiv ein landhandel langs ein landeveg «midt i ingenting» på Finnøy i Hamarøy. Bestemora hadde julegateopning kvart år, med ei lyslenkje og eitt juletre.

– Vikøy er ikkje så langt ute i ingenmannsland, men sjølv sagt skal me ha ei julegateopning her! Eg likar tanken på det. Det vert juletrengang og sal av graut, slik me hadde under «Jul i Borgstova» i fjor, seier Solvang.

Julearrangementet skal vera laurdag 29. november, for ikkje å konkurrera med dei tradisjonelle markeringane i Norheimsund og Øystese.

– Då kan ein få med seg begge delar, seier ho.



Mads Rubin Mauritzen, med dottera Othelie på skuldrene, på tur i lysløypa.

FOTO: VIKØY BYGDEKVINNELAG



På ein av turane steikte laget vaflar på bål.

FOTO: VIKØY BYGDEKVINNELAG



Vèret var fint då denne gjengen gjekk til «Verdens ende» på Framnes i mai.

FOTO: VIKØY BYGDEKVINNELAG

Vil ta ansvar for skulemuseum

Vikøy bygdekvinnelag ynskjer å redde skulemuseet i Vikøy. Rådmannen i Kvam ynskjer å kvitta seg med fleire gamle bygg, deriblant skulemuseet som ligg like ved kyrkja. Bygdekvinnelaget skriv i eit brev til rådmannen og formannskapet at laget vonar heradet vil vurdera andre alternativ enn å selja bygget.

Museet fungerer som ein lokal møteplass, ifylgje bygdekvinne. Laget ser potensial i å utvikla bruken av bygget i tråd med behovet i bygda, og ynskjer å ta vare på historia og den kulturhistoriske verdien til huset.

Ifylgje skrivet finst det ei omfattande samling av ting, møblar, bøker og plansjar frå nedlagde grendeskular i heradet i bygget. Laget meiner at huset ikkje kan seljast utan vidare vurdering og gjennomgang av samlinga, og meiner heradet må ta vare på samlinga.

Bygget har behov for restaurering. Ein engasjert eigar som kan jobba for å skaffa pengar til naudsynte tiltak i tråd med antikvariske prinsipp, vil vera ei positiv løysing for kulturminnet, meiner bygdekvinnelaget. Difor vil laget at heradet skal vurdera å inngå ein bruksavtale med laget, eller vurdera å selja bygget til laget.

– Me vonar å få ein dialog om vegen vidare, heiter det i brevet.

Heradsstyret avgjer saka 2. oktober.

CHARLOTTE SVENDSEN



Vikøy skulemuseum får ny eigar dersom rådmannen får viljen sin.

FOTO: SIGBJØRN LINGA

Sal av skulemuseet, og Vikøy bygdekvinnelag sitt ønskje om å ta vare på bygget.

Krev grundigare arbeid med industriarbeidarmuseum

Nyhende

Eigedomane som huser industriarbeidarmuseet i Ålvik, skal returnerast til Elkem Bjølvfossen om Kvam herad ikkje vil driva museet lenger.

Sigbjørn Linga
linga@ntf.no

Det går fram av ein avtale mellom smelteverket og Kvam herad i samband med at eigedomane vart overdregne til Kvam herad i 1993. Han rommar i tillegg eit vilkår for overdraginga om at eigedomane vert del av Kvam Bygdemuseum og sett i stand som industriarbeidarmuseum.

Desse vilkåra vart ikkje lagde veg eller omtala i sjølv saksutgreiinga frå rådmannen i den politiske saka om sal av ei rekkje kommunale eigedomar. Først i formannskapsmøtet torsdag vart avtalen vist på veggen, etter at Rigmor Hovland sende han til rådmannen og ordføraren på vegner av industriarbeidarmuseet.

Vel å merka er det i eit vedlegg i saksapira opplyst at Bjørn Otto Wallevik har påpeika vilkåret om museum på eigedomane, og vidare at han har etterlyst dokumentasjon knytt til overdraginga for 32 år sidan.

– Viktig historie

Eigedomane i Ålvik kverrsatte det meste av taletida da formannskapet drøfta saka om sal torsdag 25. september. Og aller mest tid fekk det nemnde museet.

Medan rådmannen tok til orde for å ha «dialog med Elkem Bjølvfossen og Hardanger og

Voss museum om avklaringsar for evt. sal av bygg», tilrådde formannskapet samrøystes å få avklaringsar «med tanke på nye eigarar som kan driva museet». I innstillinga nemner politikarane Hardanger og Voss Museum, Elkem Bjølvfossen og Kraftmuseet i Tyssedal som moglegeheiter.

«I tillegg må det vurderast om museet kan overførast til Ålvikbygda ved eit venelag eller ei stifting», heiter det i innstillinga til heradsstyret, som avgjer saka torsdag 2. oktober.

Fleirtalskoalisjonen – Ap, Frp, V og KrF – stod bak framlegget.

Undrande til klassifisering

Håvard Gjerde (R) meiner at kriteria som ligg til grunn for at plassera museet i kategori C, sekkeposten for bygg som anten har dårleg standard eller ikkje er i samsvar med funksjonen bygget skal ha, verkar merkelege sidan bygget er eit kulturminne som ikkje skal ha moderne standard.

Han meiner at industrihistoria som museet representerer, framleis er viktig.

– Dette er eit bygg som er i tråd med funksjonen. Heldigvis kjem ikkje nokon og seier at me må senka fartøy som ikkje held dagens standard. Då hadde det vore lite innanfor vår grein av kulturminnepolitikken, sa båtbyggjaren og fartøyvernaren. – Det er ikkje vår eigedom om me sluttar med å driva museum der, konstaterer han, og viste til den nemnde avtalen som dukka opp i tolvte time.

– Treng ikkje ei ny

Ordførar Torgeir Næss (Ap) meiner at etter ringinga av trallebanen og røyrgata er det museet som best dokumenterer historia til industrisamfunnet Ålvik. Han sa at historia er ein viktig del av røtene til hardingane,

men meiner at museet har vore for lite tilgjengeleg.

– Me treng ikkje ei ny trallebanesak, sa han.

Fleirtalskoalisjonen meiner at heradet bør korrjere eiga eller driva museet. Næss sa at det bør tilfalla nokon med kompetanse til å driva det, kanskje i ei form for samarbeid mellom lokale krefter og museum.

Gjerde synest det er vel bastant å slå fast i vedtaket at Kvam herad er ueigna til både å eiga og driva museet. Han er samd i at andre bør driva det, men ser ikkje noko i vegen for ei eller anna driftsform med heradet som huseigar.

– Me kan sjå på det fram mot heradsstyremøtet, sa Næss, som meiner historia har vist at heradet som eigar er ei dårleg løysing.

Gjerde fremja eit eige framlegg om å vurdera klassifiseringa av museet i eigedomsstrategien på nytt, og å gje rådmannen fullmakt til dialog med Elkem Bjølvfossen og Hardanger og Voss museum om framtidige eigartilhøve, driftsformer og vedlikehald. Det fekk ikkje fleirtal.

Dukka opp i ettertid

To av framlegga frå rådmannen går ut på å starta prosessen med å selja både trygde- og omsorgsbustader ved Pensjonisten i Ålvik, eit sal som krev noko førarbeid. Vararordførar Frode Nygård (Frp) sette spørjetekn ved kvaliteten på informasjonen om bustadene i saksapira, og undra om nokon av huseigarane vira i bruk. Det avkrefta rådmannen.

Johanne Neteland (Sp) påpeika at omsorgsbustadene ikkje er omtala som bygg i C-kategorien i eigedomsstrategien, og ser ut til å ha dukka opp i ettertid. – Kvifor kom dei ikkje fram

tidlegare? spurde ho.

Rådmannen viste til at politikarane har tinga ei enkel formannskapsesak om sal av bygg. Så viste dei seg undervegs at meir dukka opp enn det som er med i lista i eigedomsstrategien. Difor er saka meir omfattande og vert lagd fram for heradsstyret.

Sp føreslo, men fekk ikkje fleirtal for å droppe salet av omsorgsbustadene. Neteland meiner det er noko tidleg med sal før ei varsla sak om utbyggingstrongen i helse og omsorg er lagd fram. Nygård meiner ikkje det er realistisk å oppgradera bustadene igjen.

Andre punkt

Det fleste punkta på «salslista» fekk støtte, men ikkje heilt utan vidare.

• Formannskapet tilrår ikkje å selja skulemuseet i Vikøy, men å be rådmannen om å ha dialog med Vikøy Bygdekvinnelag og andre interessantar om avhending eller sal av huset. Det vart resultatet av eit seint innspel frå bygdekvinne i førre veke.

– I praksis er huset nesten ikkje råd å selja. Me kan håpa at andre vil driva det, sa Nygård.

• Rådmannen skal ha dialog med Vikøy bygdekvinnelag eller andre interessantar om avhending eller sal.

• Hardanger fartøyvernssenter: Rådmannen får fullmakt til å gå i forhandling med Hardanger fartøyvernssenter om eventuell overtaking eller framhald av festeavtalar, og sal av bustader på eigedomane.

• Idrettshuset ved Haugamyr: Rådmannen får fullmakt til å tinga med idrettslaget om overdraging.

• Gamleskolen på Norheim: Rådmannen får fullmakt til å avklara med Grannehjelpa og andre lag og organisasjonar sin bruk av huset, og eventuelt koma attende med sak om vidare salsprosess.

• Ålvik industriarbeidarmuseum: Heradsstyret ser på museet som viktig å ta vare på, men ser også at Kvam herad ikkje eignar seg som eigar eller drivar. Ein ber difor om at avklaringsar vert gjorde med tanke på nye eigarar som kan driva museet. Hardanger og Voss museum og Elkem Bjølvfossen må konsulterast, og det må gjerast avklaringsar med Kraftmuseet i Tyssedal. I tillegg må rådmannen vurdera om museet kan overførast til Ålvikbygda ved eit venelag eller ei stifting.

• Trygdebustader ved Pensjonisten i Ålvik: Rådmannen får fullmakt til å starta salsprosess og til å vurdera om dette skal skje etter etablering av sameige og/eller etter at drenering bak bygget er gjennomført og veg frådelte.

• Idrettshuset i Ålvik: Rådmannen får fullmakt til å tinga med idrettslaget om overdraging av eigedom.

• For bygg som har ein sentral posisjon i eit bygdesenter, får rådmannen fullmakt til å utvisa eit visst skjønn, anten i val av kjøpar og/eller vilkår for bruk i salsavtale.

• Rådmannen får fullmakt til å vurdera kva kanal kommunen skal nytta til sal av ein eigedom, og om salet skal handterast i eigen regi eller av meklar.

• Rådmannen får fullmakt til å selja eigedomar som ikkje har ein sentral posisjon i eit bygdesenter, som bustadeigedomar, til takst som er under seks månader gamal og/eller i den opne marknaden om det er vurdert at det finst fleire aktuelle kjøparar.

Vedtak om sal av eigedomar

• Tørvikbygd skule: Rådmannen får fullmakt til å starta arbeidet med å dela opp eigedomane.

• Aksnes skule: Rådmannen får fullmakt til å starta salsprosess.

• Naust i Holmen: Rådmannen får fullmakt til å starta salsprosess, og dela frå eller setja vilkår for eventuelt areal kommunen treng til infrastruktur.

• Vikøy skulemuseum: Rådmannen skal ha dialog med Vikøy bygdekvinnelag eller andre interessantar om avhending eller sal.

• Hardanger fartøyvernssenter: Rådmannen får fullmakt til å gå i forhandling med Hardanger fartøyvernssenter om eventuell overtaking eller framhald av festeavtalar, og sal av bustader på eigedomane.

• Idrettshuset ved Haugamyr: Rådmannen får fullmakt til å tinga med idrettslaget om overdraging.

• Gamleskolen på Norheim: Rådmannen får fullmakt til å avklara med Grannehjelpa og andre lag og organisasjonar sin bruk av huset, og eventuelt koma attende med sak om vidare salsprosess.

• Ålvik industriarbeidarmuseum: Heradsstyret ser på museet som viktig å ta vare på, men ser også at Kvam herad ikkje eignar seg som eigar eller drivar. Ein ber difor om at avklaringsar vert gjorde med tanke på nye eigarar som kan driva museet. Hardanger og Voss museum og Elkem Bjølvfossen må konsulterast, og det må gjerast avklaringsar med Kraftmuseet i Tyssedal. I tillegg må rådmannen vurdera om museet kan overførast til Ålvikbygda ved eit venelag eller ei stifting.

• Trygdebustader ved Pensjonisten i Ålvik: Rådmannen får fullmakt til å starta salsprosess og til å vurdera om dette skal skje etter etablering av sameige og/eller etter at drenering bak bygget er gjennomført og veg frådelte.

• Idrettshuset i Ålvik: Rådmannen får fullmakt til å tinga med idrettslaget om overdraging av eigedom.


• For bygg som har ein sentral posisjon i eit bygdesenter, får rådmannen fullmakt til å utvisa eit visst skjønn, anten i val av kjøpar og/eller vilkår for bruk i salsavtale.

• Rådmannen får fullmakt til å vurdera kva kanal kommunen skal nytta til sal av ein eigedom, og om salet skal handterast i eigen regi eller av meklar.

• Rådmannen får fullmakt til å selja eigedomar som ikkje har ein sentral posisjon i eit bygdesenter, som bustadeigedomar, til takst som er under seks månader gamal og/eller i den opne marknaden om det er vurdert at det finst fleire aktuelle kjøparar.

Kjelde: Kvam herad

Vikøy bygdekvinnelag i media



*Laget er avbilda og omtalt i den flotte boka **Naustlandet** av Eva Røyrane, som kom ut haust 2025.*

